



Manger skule,
Mangersnesvegen 21,
5936 Manger.
Tlf. 56 34 90 60
e-post: post.manger@radow.kommune.no

Referat foreldremøte 6.klasse

Onsdag 10. februar 2016

17 heimar møtte

Saker:

Inkluderande skulemiljø

Ingrid repeterte kva skulen gjer som førebyggjande tiltak i høve trivsel. Det er t.d. trivselsleiarar i friminutta, «Det er mitt val» (ca. ein time pr. veke), «Uke 6», fadderordningar og felles aktivitetar klassevis, og for heile skulen.

Mobbing:

I løpet av året har klassen fleire anonyme mobbe- og trivselsundersøkingar. Ingrid presenterte resultat frå den årlege elevundersøkinga frå UDIR og resultat frå den kommunale undersøkinga som blei tatt i februar. Jamt over viser desse undersøkingane at elevane i 6.klasse på Manger trives på skulen, både fagleg og sosialt. Likevel bør ein vere oppmerksam på korleis jentene samhandlar med kvarandre, då det viser seg at nokre av jentene føler seg usikre, og seier det tidvis føregår baksnakking blant dei. Førebels ser ikkje dette ut til å vere eit stort problem, men det er eit ynskje om å gripe fatt i slike saker snarast mogleg, så det ikkje får utvikle seg. Det er ikkje slik at alle jentene treng å vere bestevenner heile tida, men at alle skal respektere og framsnakke kvarandre. Undersøkinga frå UDIR viste på eit punkt at det er fleire i klassen som meiner det til tider er for mykje uro i klassen. Under samtale på foreldremøte kom det fram at dette gjeld mest i matematikktimane.

Me såg kort på nettvettreglane. <http://www.reddbarna.no/vaart-arbeid/barn-i-norge/nettvett/nettvettregler>

Samarbeid heim – skule:

Foreldrekontakte ynskjer at alle heimane betaler inn kr. 200 til klassekassen.

Kontonummer: 3632 59 38751. Dei som av ulike grunnar ikkje betalte inn til klassekassen i fjor, vil få påminning om dette frå Karianne Hole Tveiten.

Matematikkfaget:

Ingrid tok opp tema om arbeidsinnsats og arbeidsro i mattetimane. Jamt over er arbeidsinnsatsen og arbeidsro for dårleg i desse timane. Elevane har behov for å bli meir sjølvstendige medan dei jobbar. I timane kan ein sjå døme på likegyldigkeit til oppgåvane/tema og dei vaksne i klassen har lett for å sjå at elevane er lite konsentrert. Framleis spør nokre elevar om hjelp før dei har *lest* spørsmålet eller forsøkt å tenkt seg om. Elevane bør jobbe godt med definisjonane knytt til kvart tema, slik at dei forstår kva dei ulike omgrepene betyr. Det er ønske med meir praktisk matematikkundervisning etter kvart som dette lar seg gjere.

Diverse:

Planlagt ekskursjonstur for 6.klasse i mai/juni; Bergen: Bryggen, Håkonshallen, Rosenkrantztårnet
Det kan òg hende klassen skal til utvandrarcenteret. Drøfting: skal klassen sykle dit?

Leksegjering: Til tider har det vore ein del lekser som ikkje er gjort eller er halvgjort. Dette gjeld særleg i engelsk. Be gjerne elevane vise leksene heime!

Det har òg vore mykje gløyming av gym- og symjeklede.

Hugs at Ingrid ønskjer at vekeplan skal leverast i slutten av veka med avkryssing på vekemåla.

Underskrift frå vaksen!

Foreldrekontakte informerte om at ein må gje beskjed så snart som mogleg dersom ein skal jobbe kring 17. mai, då lister over kven som skal gjere kva kjem ut så snart som mogleg. Det blei òg oppmoda om at foreldre melder seg som vakt til Frisco, då det til no stort sett har vore dei same foreldra som har deltatt.

Foreldregruppa avtalte at det vil bli ein aktivitetskveld for klassen eit par veker etter 17. mai.

Ingrid minner om å besøkje ulike nettsider for å jobbe med lærstoffet på varierte måtar.

Matematikk: http://tusenmillioner5-7.cappelendamm.no/c44325/sammendrag/vis.html?strukt_tid=44325

<http://www.matematikk.org/gangetesteren/> (multiplikasjonstrening)

Alle fag: <http://www.raudebergskule.no/peiling/6klasse.htm>

Engelsk: <http://stairsonline6.cappelendamm.no/>

Norsk: <http://lokus123.lokus.no/?marketplaceId=4119728&languageId=1&siteNodeId=6894348>

Mvh. referent

Ingrid Bø Marøy

Kontaktlærar